

# ÅRSMELDING FOR BUL MOLDE 2007

(Frå 01.11.06 til 31.10.07)

## STYRET:

Styret er samansett av arbeidsutvalet og ein medlem frå hyttenemnda.

**Arbeidsutvalet:** Lars Staurset  
Kirsten Aure  
Noralv Bell  
Randi Reppe Bell  
Vara: Torill Steien

Arbeidsutvalets mandat har vore å halde i gang leikøvingane på Reknes Ungdomshus.

**Styremedlem:** Sylvfest Bell frå hyttenemnda

**Revisorar:** Arild Jacobsen og Bente Dyrnes Aarø  
**- personlege varamedl:** Irene Møllersen Bell og Marte Trondsen  
**Rekneskapsførar:** Arild Horrstad  
**Valnemnd:** Atle Bell og Oddny Bell

## Møte:

1 årsmøte den 06.12.06  
1 styremøte den 22.11.06  
5 møte i arbeidsutvalet: 06.12.06, 03.01.07, 05.02.07, 31.05.07 og 29.08.07

## Aktivitetar dette året:

### Leikøvingar:

- **Haust 2006:** Det var 5 leikøvingar i november. Til øvinga 1. november inviterte vi andre lag. 22. november deltok vi på Romsdals Spelemannslag si øving på Reknesstabburet. 29. november var øvinga lagt til Derinngarden, Eide.
- **Vår 2007:** 14 leikøvingar i vårsemesteret. BUL inviterte andre lag 31. januar og 7. mars. Besøk i Rauma 17. april. 10 deltakarar frå BUL.  
Tema for øvingane var: Dansar frå Vestlandet og Trøndelag, byttedansar, rekkedans, songdans, balldans, nordiske dansar og samdansprogrammet for folkekulturfestivalen i Oslo.
- **Haust 2007:** 7 leikøvingar i september – oktober. Vi har framleis øvingstid frå kl. 19.30 til kl 22.00. Vi inviterte gjester til øvinga den 3. oktober.  
Frammøte på vanlege leikøvingar har vore 10 – 22 medlemmar. Det har vore god oppslutning både frå eigne medlemmer og frå andre lag på øvingar med gjester. Vi nemner særleg ei gruppe frå Lyngstad Leikarring som har møtt på dei fleste øvingane.

### **Andre aktivitetar:**

- Sal av Jul i Romsdal hausten 2006. 30 stk.
- BUL var representert på 70-årsdagen til Jonn Nordbø 9. desember 2006.
- Det er selt ein herrebunad til Kirsten Nordbø. Ei jakke til herrebunad er vidare seld til Palmer Løkseth. Begge sala er til etterkommarar av bunadskreddaren.
- BUL arrangerte kurs i vestlandsspringar på BUL-hytta 3.-4. mars 2007. Instruktør var Kåre Gausnes og musikken var ved Mona Kristin Fiskerstrand. 18 deltakarar. 10 personar overnatta på hytta.
- Bygdaliv: Omredigert ved årsskiftet. Nettsida har blitt oppdatert i etterkant av dei fleste leikøvingane og gir eit godt bilete av aktivitetane både i og utanom laget. E-post vert sendt til ca. 60 kontaktpersonar før semesterstart, årsmøte og andre viktige hendingar.
- BUL Molde har meldt på 20 deltakarar til Havleik, Færøyane i 2008. AU har planlagt og tinga reise og overnatting, samt musikarar til framsyning.
- Dugnad på Reknes Ungdomshus.
- Dugnad på BUL-hytta. 11 gonger våren 2007. Frå 2 – 7 personar møtte kvar gong.

### **Utsendingar / deltakarar frå BUL på andre arrangement.**

- Årsmøte i Romsdal Ungdomssamlag 10. mars. 1 utsending.
- 4. – 6. mai. Rørosleken. 3 deltakarar.
- 13. juni. Generalforsamling i Reknes ungdomshus.
- 22. – 24. juni. Folkekulturfestivalen i Oslo. 4 deltakarar. Det var ingen utsendingar til landsmøtet som var 24. – 25. juni.
- 15. september: Leikfest med Småviltlaget på Meisingset, Tingvoll. 9 deltakarar

**Instruktør dette året har vore:** Irene Møllersen Bell

Medlemmene i BUL meiner at instruksjon gjer leikøvingane attraktive. Irene har som vanleg lagt ned mykje arbeid i førebuing og gjennomføring av leikøvingane. Det har ført til bra oppmøte og god stemning på øvingane.

### **Medlemstal:**

Pr 31.10.07 hadde BUL Molde 41 medlemmar.

Arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane tilsvarar 120 dagsverk.

Arbeidsutvalet rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som vert lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar.

Lars Staurset

Randi Reppe Bell

Noralv Bell

Kirsten Aure